

2011

Norske pengespel 2011 Gaming in Norway



Statistikk over norske
pengespel og lotteri

Annual statistics report from
The Norwegian Gaming
and Foundation Authority



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Innhold

| | |
|--|----|
| Meir enn fem milliardar til gode formål i 2011 | 4 |
| Samandrag | 5 |
| Endring i omsetning | 13 |
| Norsk Tipping AS og Extra | 15 |
| Norsk Rikstoto | 23 |
| Digitale plattformer | 26 |
| Bingo | 28 |
| Andre lotteri | 32 |
| Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn | 36 |
| English summary | 38 |
| Vedlegg | 41 |

Meir enn fem milliardar til gode formål i 2011

I 2011 satsa nordmenn 26,8 milliardar kroner på dei regulerte pengespela i Noreg. Dette er om lag 2 milliardar meir enn i 2010. Spel på internasjonale nettspel er ikkje medrekna i denne statistikken.

17,9 milliardar kroner gjekk tilbake til spelarane i form av gevinstar. Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjer dermed 8,9 milliardar kroner.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann i overkant av 5 400 kroner på regulerte pengespel i 2011, ein auke på om lag 350 kroner frå året før. Når vi tek omsyn til gevinstane, har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen om lag 1 800 kroner. Dette svarer til 0,75 prosent av husstanden si disponible inntekt.

Sidan omsetninga har auka på spel med forholdsvis høg gevinstprosent, har ikkje omsetning etter gevinstutbetaling auka tilsvarende.

Både for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har omsetninga auka gjennom 2011, og for begge operatørane har totalomsetninga aldri vore høgare.

I bingomarknaden vart bingoautomatar fjerna 31. mars 2010. Statistikken for 2010 viste at spelning på bingoautomatar i stor grad gjekk over på databingo. Statistikken for 2011 viser det same, og totalomsetninga i bingo auka gjennom året. Ei rekke lag og organisasjonar har inntekter frå spel og lotteri, og gode føremål fekk nærrare

5,1 milliardar kroner. Størstedelen av formålsinntektene kom frå Norsk Tipping sine spel. Elles kom det betydelege beløp frå Norsk Rikstoto og bingo.

Norsk Tipping har fleire ordningar der lag og foreiningar får inntekt frå speleverksemda. Det meste av overskotet blir fordelt gjennom tippenøkkelen, men det blir også fordelt midlar gjennom grasrotordninga. Vidare har ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering inntekt frå talspelet Extra. Nytt frå 2011 er at foreiningar med inntekt frå entreprenørbingo også får inntekt frå Norsk Tippings Belago-terminaler der slike er utplassert i bingolokale. I tillegg har 10 organisasjonar i 2011 hatt inntekt frå ein loddserie i Flax.

Nok ein gong vil vi takke aktørane i den norske pengespelmarknaden for samarbeidet i arbeidet med statistikken. Utan opplysningane som vi mottekk ville vi ikkje fått fram det datamaterialet som er naudsynt for å kunne lage denne oversikten.

Førde, desember 2012



Atle Hamar
direktør

Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2011 omsett for 26,8 milliardar kroner. Av dette gjekk 17,9 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 8,9 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden - nøkkeltal 2011

| År 2011 | | | Millionar | |
|----------------------------------|--------|------------------|-----------|-----|
| | NOK | EUR ¹ | NOK | EUR |
| Brutto omsetning (spelt for) | 26 838 | 3 444 | | |
| Gevinst | 17 932 | 2 301 | | |
| Netto omsetning (lagt igjen/tap) | 8 907 | 1 143 | | |

| År 2011 | Spelt for | | Lagt igjen (etter gevinst) | |
|--|-----------|-------|----------------------------|-----|
| | NOK | EUR | NOK | EUR |
| Per innbyggar ² | 5 418 | 695 | 1 798 | 231 |
| Per innbyggar 18 år ³ og eldre | 6 995 | 898 | 2 321 | 298 |
| Per husstand ⁴ | 11 921 | 1 530 | 3 956 | 508 |
| Prosent av disponibel inntekt ⁵ | 2,26 % | | 0,75 % | |

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 5 418 kroner i 2011.

Om vi trekkjer frå gevinstane vil kvar innbyggar i 2011 ha lagt igjen 1 798 kroner. Av husstanden sine disponibele inntekter utgjer dette 0,75 prosent.

Dette er i overkant av 350 kroner meir enn i 2010 då satsa beløp per innbyggar var kroner 5 062.

1 Middelkurs 2011 frå Norges Bank 7,7926.

2 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2011 og 1/1-2012.


3 Norsk Tipping innførte 18 års aldersgrense på alle spel frå februar 2011, og tabellen for 2011 viser beløp per innbyggar 18 år og eldre mot 15 år og eldre i tidlegare statistikkar.

4 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (Statistisk årbok (SSB)).

5 Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing.» Disponibel inntekt 1 190 117 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2011

Den norske pengespelmarknaden - brutto omsetning 2011,
totalt 26 838 millionar



I 2011 spelte nordmenn for 26,8 milliardar kroner. Det vart satsa 15,3 milliardar på Norsk Tipping sine eigne spel, og av dette nær 4,9 milliardar⁶ på Multix- og Belago-spel. I tillegg 0,9 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for litt over 3,8 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning i underkant av 6,0 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, 5,8 milliardar inkludert sidespel i bingo (elektronisk⁷ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 160 millionar kroner.

Blant dei andre lotteria er det landslotteria som hadde størst omsetning, 291 millionar kroner. For lokale og regionale lotteri⁸ estimerer vi omsetninga til 130 millionar kroner.

I 2011 vart det spelt for 413 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.


Samla brutto omsetning har auka frå 24,8 milliardar kroner i 2010.

6 4,77 milliardar på Multix og 84 millionar på Belago.

7 Databingo.

8 Mindre lotteri, såkalla lykkespel, er ikkje medrekna.

Den norske pengespelmarknaden år 2011, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto til saman 71 prosent av marknaden.

Gevinstar og pengepremiar i 2011

| Tal i millionar kroner | Brutto omsetning | Gevinst | Netto omsetning | Prosent gevinst |
|---|------------------|---------|-----------------|-----------------|
| Norsk Tipping | 15 311 | 9 960 | 5 351 | 65 % |
| Norsk Rikstoto | 3 813 | 2 557 | 1 256 | 67 % |
| ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering | 908 | 451 | 457 | 50 % |
| Bingo med entreprenør | 5 812 | 4 465 | 1 346 | 77 % |
| Landslotteri | 291 | 40 | 251 | 14 % |
| Bingo utan entreprenør* | 160 | 100 | 60 | 63 % |
| Lokale/regionale lotteri* | 130 | 30 | 100 | 23 % |
| Spel på skip | 413 | 328 | 85 | 79 % |
| Totalt | 26 838 | 17 932 | 8 907 | 67 % |

*) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 17,9 milliardar kroner av innsatsen på 26,8 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent mest tilbake frå spel på skip (79 %), entreprenørbingo (77 %) og Norsk Rikstoto (67 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen, m.a. på grunn av oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapen.

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2011

Den norske pengespelmarknaden år 2011, marknadsdelar av netto omsetning



Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (60 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto hadde til saman 74 prosent av marknaden i 2011.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2011

| Netto omsetning | Mill. kr | Formål | | Administrative kostnader | |
|---------------------------------------|----------|----------|---------|--------------------------|---------|
| | | Mill. kr | Prosent | Mill. kr | Prosent |
| Norsk Tipping | 5 351 | 3 317 | 62 % | 2 033 | 38 % |
| Norsk Rikstoto | 1 256 | 606 | 48 % | 650 | 52 % |
| Extra | 457 | 224 | 49 % | 148 | 32 % |
| NT's operatørgodtgj. til NT-formål | | 85 | 19 % | | |
| Bingo med entreprenør | 1 346 | 356 | 26 % | 991 | 74 % |
| Landslotteri | 251 | 71 | 28 % | 181 | 72 % |
| Bingo utan entreprenør * | 60 | 40 | 67 % | 20 | 33 % |
| Lokale/regionale lotteri * | 100 | 90 | 90 % | 10 | 10 % |
| Spel på skip | 85 | 17 | 20 % | 68 | 80 % |
| Totalt | 8 907 | 4 805 | 54 % | 4 101 | 46 % |

*) Estimerte og avrunda beløp

4,8 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (3,3 mrd) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (62 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk der 606 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For entreprenørbingo, landslotteri og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av omsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 356 millionar, eller 26 prosent. Dette er ein auke frå 2010 då formålets inntekter utgjorde 329 millionar.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 17 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.

Den norske pengespelmarknaden 2011, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Administrative kostnader⁹ utgjorde 4,1 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisionær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,03 mrd) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (38 %). Større kostnadsbeløp kom også frå entreprenørbingo (0,99 mrd) og Norsk Rikstoto sine spel (0,65 mrd).

9 Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikke slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær og telemarketing.

| Netto omsetning i 2011 og kostnad til 3. part | Netto omsetning Mill. kr | Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar Mill. kr | Prosent av netto omsetning |
|--|-----------------------------|--|----------------------------------|
| Norsk Tipping, ekskl. Extra | 5 351 | 750 | 14 % |
| Extra | 457 | 61 | 13 % |
| Norsk Rikstoto | 1 256 | 190 | 15 % |
| Totalt | 7 064 | 1 001 | 14 % |

Fra spela her gjekk det 1 001 millionar til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter - 2011

| | Mill.kr | Prosent | |
|--|---------|---------|---|
| Idrett | 1 951 | 38 % | * |
| Kultur (statsbudsjett og regjeringa) | 1 250 | 25 % | |
| Musikk/kultur/fritid | 150 | 3 % | * |
| Hest/hestesport | 606 | 12 % | |
| Helse | 467 | 9 % | * |
| Humanitær | 460 | 9 % | * |
| Diverse | 44 | 0,9 % | * |
| Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor | 147 | 2,9 % | |
| Tiltak vedk. uheldig speleåtfred | 12 | 0,2 % | |
| Totalt | 5 087 | 100 % | |

*) I tillegg får formåla delar av 147 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,9 %).

Tabellen over inkluderer også inntekt til formål som ikke skriv seg fra spelomsetninga i 2011. Fra speleomsetninga i 2011 gjekk 4 805 millionar til formål. I tillegg kom det midlar fra Norsk Tippings investeringsfond med i alt 260 millionar. Vidare kjem midlar som tidlegare er tildelt, men som ikke er disponert. Desse midlane er fordelt gjennom tippenøkkelen til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner, og utgjer 76 millionar. Det meste av dette¹⁰ er her fordelt på fleire av formålskategoriene.

Midlar fra Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkelen tildelt gjennom ulike ordninger. Formåla er idrett, kultur og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner.

Idretten får si tildeling gjennom Kulturdepartementet. Midlane til kultur går gjennom statsbudsjettet (2/3) og regjeringa (1/3). Midlar til samfunnsnyttige eller humanitære formål blir utbetalt på to måtar. Det meste blir betalt direkte fra Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del blir betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001.

Utanom tippenøkkelen fekk 10 organisasjoner (10 H) inntekt fra overskotet i ein loddserie av skrapeloddet Flax. Foreiningar med inntekter får entreprenørbingo fekk også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar.

10 Fra tildelinga i 2012 er 55 millionar ikkje fordelt og overført til tildeling i 2013.

Grasrotordninga og midlar til tiltak som gjeld uheldig speleåtfred kjem også fra Norsk Tipping si speleomsetning, og er heller ikkje medrekna i tippenøkkelen.

Idrett (1 951 mill. *)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippenøkkelen med 1 564 mill., 194 mill. frå grasrotordninga, 172 mill. frå entreprenørbingo, 13 mill. frå spel på skip og 4 mill. frå landslotteri. I tillegg inngår 3 mill. frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til einskilde lag og foreiningar på grunnlag av automatinntekter i 2001, samt 0,8 million frå Norsk Tippings Belago-terminalar.

Idretten har også inntekt frå foreningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Kultur og fritid (1 400 mill. *)

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (833 mill.) eller som løying frå regjeringa (417 mill.).

I tillegg er 150 mill. i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på entreprenørbingo med 70 mill., grasrotmidlar (NT) 62 mill., spel på skip 3 mill., landslotteri 1 mill., tildeiling på grunnlag av tidlegare automatinntekter med 14 mill., og inntekt frå Belago med 0,3 million. Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Hest/hestesport (606 mill.)

Dette er inntekter som berre kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (467 mill. *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund. 224 mill. som ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet er med her, og desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår.

Elles inngår 126 mill. frå Norsk Tipping, 34 mill. frå landslotteri, 55 mill. frå entreprenørbingo, 11 mill. frå

grasrotordninga (NT), 16 mill. (NT) som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av automatinntekter i 2001 og 0,5 million frå loddserie av Flax (NT) samt 0,3 million frå Belago.

Inntekter frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær (460 mill. *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpon og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 385 mill., landslotteri med 23 mill. og entreprenørbingo med 40 mill.. I tillegg er det rekna med 3 mill. frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 9 mill. (NT) etter søknad på grunnlag av automatinntekter i 2001 og 0,5 million frå loddserie av Flax (NT) samt 0,1 million frå Belago.

Inntekter frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (44 mill. *)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (20 mill.), landslotteri (8 mill.), grasrotmidlar (NT) (8 mill.), spel på skip (1 mill.), 7 mill. (NT) på grunnlag av automatinntekter i 2001 og 0,1 million frå Belago.


Tiltak som gjeld uheldig speleåtfred (12 mill.)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadene frå overdriven speling.

Uspesifiserte inntekter (147 mill.)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (40 mill.), lokale/regionale lotteri (90 mill.) og grasrotmidlar (17 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at nærmare 25 mill. av dette er inntekt for lokalradio og TV.

Den norske pengespelmarknaden år 2011, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Endring frå år 2010

Basert på omsetninga i spelemarknaden medrekna midlar frå Norsk Tippings premiefond i 2010, investeringsfond i 2011 samt tildeling av tidlegare ufordelte midlar, fekk formåla i 2011 46 millionar meir enn året før.

| Fordeling av spel- og lotteriinntekter | 2010 | 2011 | endring | |
|--|----------|----------|----------|---------|
| | Mill. kr | Mill. kr | Mill. kr | Prosent |
| Idrett | 1 937 | 1 951 | 14 | 1 % |
| Kultur (statsbudsjettet og regjeringa) | 1 250 | 1 250 | 0 | 0 % |
| Musikk/kultur/fritid | 138 | 150 | 12 | 9 % |
| Hest/hestesport | 599 | 606 | 7 | 1 % |
| Helse | 480 | 467 | -13 | -3 % |
| Humanitær | 446 | 460 | 14 | 3 % |
| Diverse | 35 | 44 | 9 | 26 % |
| Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor | 144 | 147 | 3 | 2 % |
| Tiltak vedk. speleavhengigkeit | 12 | 12 | 0 | 0 % |
| Totalt | 5 041 | 5 087 | 46 | 1 % |

Endring i omsetning

Den norske pengespelmarknaden totalt

| Tal i millionar kroner | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | Endring 2010-2011 |
|---------------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|----------------------|
| Brutto omsetning (spelt for) | 42 362 | 38 246 | 27 372 | 18 980 | 22 515 | 24 751 | 26 838 | 8 % |
| Netto omsetning (lagt igjen / tap) | 11 684 | 10 935 | 9 277 | 7 879 | 8 350 | 8 646 | 8 907 | 3 % |

Brutto omsetning er i 2011 auka med 8 prosent frå 2010. Netto omsetning har hatt ein mindre auke. Forskjell i prosentvis auke skuldast mellom anna auka omsetning i spel med høgare gevinstprosent.

Norsk Tipping (eksklusiv Extra)

| Tal i millionar kroner | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | Endring 2010-2011 |
|------------------------|-------|-------|-------|-------|--------|--------|--------|----------------------|
| Brutto omsetning | 8 433 | 8 846 | 9 514 | 9 612 | 11 624 | 13 823 | 15 311 | 11 % |
| Netto omsetning | 3 989 | 4 131 | 4 441 | 4 481 | 4 777 | 5 125 | 5 351 | 4 % |

Brutto omsetning i 2011 var 11 prosent større i enn i 2010. Netto omsetning (etter premieutbetaling) har auka med 4 prosent. Dei enkelte spela blir nærmere omtalt i del 3 av rapporten.

Extra

| Tal i millionar kroner | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | Endring 2010-2011 |
|------------------------|------|------|------|------|------|------|------|----------------------|
| Brutto omsetning | 771 | 773 | 874 | 967 | 950 | 927 | 908 | - 2 % |
| Netto omsetning | 385 | 386 | 437 | 483 | 475 | 463 | 457 | - 1 % |

Omsetninga i 2011 er redusert med 2 prosent samanlikna med året før. Omsetninga er redusert kvar tredje år frå 2008.

Norsk Rikstoto

| Tal i millionar kroner | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | Endring 2010-2011 |
|------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|----------------------|
| Brutto omsetning | 2 781 | 2 780 | 3 163 | 3 710 | 3 625 | 3 667 | 3 813 | 4 % |
| Netto omsetning | 959 | 944 | 1 056 | 1 214 | 1 186 | 1 205 | 1 256 | 4 % |

Norsk Rikstoto si omsetning har auka med 4 prosent samanlikna med 2010.

| Entreprenørbingo | | | | | | | | Endring |
|------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-----------|
| Tal i millionar kroner | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2010-2011 |
| Brutto omsetning | 1 732 | 1 891 | 2 629 | 3 955 | 5 129 | 5 152 | 5 812 | 13 % |
| Netto omsetning | 462 | 559 | 856 | 1 199 | 1 326 | 1 281 | 1 346 | 5 % |

Omsetninga i entreprenørbingo har auka gjennom 2011.

| Landslotteri | | | | | | | | Endring |
|------------------------|------|------|------|------|------|------|------|-----------|
| Tal i millionar kroner | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2010-2011 |
| Brutto omsetning | 508 | 424 | 422 | 396 | 378 | 383 | 291 | -24 % |
| Netto omsetning | 416 | 341 | 345 | 322 | 311 | 312 | 251 | - 19 % |

Andre spel/lotteri

Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

| | | | | | | | |
|--|------|------|------|------|------|------|------|
| Bingo utan entreprenør | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
| Tal løyve: | 800 | 640 | 710 | 570 | 500 | 460 | 380 |
| Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹¹ (brutto omsetning, tal i millionar) | 250 | 230 | 240 | 230 | 220 | 210 | 160 |

Totalt syner tal frå Lotteriregisteret ein reduksjon i lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

| Lokale / regionale lotteri | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Tal meldingar motteke | 2 900 | 2 750 | 2 050 | 2 610 | 2 420 | 2 420 | 2 540 |
| Tal løyve gitt: | 150 | 120 | 110 | 100 | 100 | 90 | 80 |
| Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹² : (brutto omsetning, tal i millionar) | 120 | 100 | 90 | 110 | 120 | 120 | 130 |

På grunnlag av tal meldingar, løyver og rekneskap i 2011 har vi estimert ein auke i omsetninga for 2011.

| Spel på skip | | | | Endring |
|------------------------|------|------|------|-----------|
| Tal i millionar kroner | 2009 | 2010 | 2011 | 2010-2011 |
| Brutto omsetning | 468 | 469 | 413 | - 12 % |
| Netto omsetning | 93 | 90 | 85 | - 5 % |

Omsetning for spel på skip er redusert gjennom 2011.


11 Estimert omsetning avrunda til nærmeste 10 mill. (sjå vedlegg for beregningsmåte).

12 Estimert omsetning avrunda til nærmeste 10 mill. (sjå vedlegg for beregningsmåte).

Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 16,2 milliardar kroner i 2011. Dette inkluderer også talspelet Extra som Norsk Tipping opererer på vegner av ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering¹³.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2011, total 16 219 millionar kroner



49 prosent av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto, Joker, Keno samt Extra). Legg vi til omsetningen fra Flax, Multix og Belago, kjem 86 prosent av omsetningen fra spel der sjansen for gevinst er helt tilfeldig. Sportsspela Tipping og Oddsen stod for 14 prosent av omsetninga. Dette er spel der kunn-kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane.

| Brutto omsetning fordelt på type spel | Mill. kr | Prosent |
|--|----------|---------|
| Tal spel: Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno | 7 036 | 43 % |
| Extra | 908 | 6 % |
| Sport spel: Tipping og Oddsen | 2 295 | 14 % |
| Skrapelodd: Flax | 1 121 | 7 % |
| Terminal spel: Multix og Belago | 4 858 | 30 % |
| Total brutto omsetning | 16 219 | 100 % |

13 I tidlegare statistikkar har Extra vore presentert for seg.

| Omsetning og gevinst - i millionar kroner | Talspel inklusiv | | | Terminalspel (Multix og Belago) | | Totalt |
|--|---------------------|------------|------------|---------------------------------------|--------|--------|
| | Extra | Sportsspel | Skrapelodd | | | |
| Total brutto omsetning | 7 945 | 2 295 | 1 121 | 4 858 | 16 219 | |
| Totalt til gevinst | 3 956 | 1 438 | 573 | 4 444 | 10 412 | |
| Total netto omsetning | 3 989 | 857 | 549 | 413 | 5 807 | |
| Gevinstprosent | 50 % | 63 % | 51 % | 91 % | 64 % | |

Totalt gjekk 64 prosent tilbake til spelar som gevinst. 36 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Samanlikna med 2010 er den totale gevinstprosenten auka frå 63 til 64 prosent. Auken skuldast mellom anna omsetningsauke på Multix og Belago der gevinstprosenten er høg (91 %). I 2010 utgjorde brutto omsetning for Multix om lag 3,5 milliardar. 2011 er første året Belago var tilgjengeleg i marknaden.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 51 prosent. Sportsspel har ein samla gevinstdel på 63 prosent der oddsspela har høgaste prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstdel på 66 prosent. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 55.

Talspel (inkl. Extra) har i spelereglane fastsett gevinstprosenten til 50, og for skrapeloddet Flax til mellom 45 og 55 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett. Talet på kommisjonærar har stort sett vore stabilt gjennom 2011, 4 005 den 1. januar og 4 049 den 31. des. Spel via Internett skjer mest via PC, men også via mobiltelefon.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettet (9 270 mill.¹⁴, og i tillegg 4 859¹⁵ mill. på spel på terminalar (Multix og Belago). Vidare spelte nordmenn for 2 091 millionar¹⁶ over Internett (876 mill. på Tipping og Oddsen, og 1 214 mill. på talspel som Lotto og Extra). Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett.

¹⁴ Av dette utgjer *Spill i kasse* 210 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som i 2011 vart selt over disk i butikkjedene REMA 1000, Kiwi og Bunnpris.

¹⁵ Talspel levert på multixterminal utgjer 1 million.

¹⁶ Av dette kjem 480 millionar frå sal via mobiltelefon.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 5 807 millionar kroner, inklusiv omsetning for Extra.

| Fordeling av netto omsetning | Mill. kr | Prosent |
|---------------------------------------|----------|---------|
| Til formål | 3 625,9 | 62 % |
| Til Norsk Tipping AS | 1 370,9 | 24 % |
| Til kommisjonær (inkl. nettpartnalar) | 810,7 | 14 % |
| Sum = netto omsetning | 5 807,5 | 100 % |

Reell fordeling til formål fra Norsk Tipping var høgare enn vist her. Til overskotsformåla gjekk det 3 886 millionar, inklusive 12 mill. til tiltak som gjeld uheldig speleåtfred.

Det blei utbetalt 295,6 millionar kroner til mottakrar under ordninga med Grasrotandelen. Beløpet er ført som driftskostnad (Grasrotandel) i Norsk Tipping sin rekneskap, men vart betalt ut som inntekter for om lag 19 300 ulike lokale lag og foreiningar i Norge. Grasrotandelen er lagt til som utbetaling til formål i denne årsstatistikken.

Av omsetninga etter premieutbetaling gjekk 62 prosent til formål inklusiv Grasrotandel.

Overskotet fra Norsk Tipping si omsetning i 2011 blir utbetalt til formål i 2012. Norsk Tipping har i tillegg til overskotet fra 2011 også betalt ut 260 millionar som er henta fra Norsk Tipping sitt investeringsfond. Total utbetaling til formål i 2011 (finansiert med 2011- overskotet og midlar fra Norsk Tippings fond) utgjer dermed 3 886 millionar kroner¹⁷.

| Andre nøkkeltal for Norsk Tipping | Mill. kr |
|--|----------|
| NT sin del av inntekt fra eigne spel og Extra (til NT's drift) | 1 371 |
| NT sine samla netto kostnader ¹⁸ | 1 371 |
| Midlar som er haldne tilbake i NT ¹⁹ | 0 |

Ved slutten av året vart investeringsfondet avvikla med i alt 260,2 millionar.

Fordeling til overskotsformål – Tippenøkkelen

Fra fordeling fra 2011 gjekk 1 525 millionar til idrettsformål, 1 224 mill. til kultur og 603 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

For kultur²⁰ blei 833 mill. tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildeler 417 mill. til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 167 mill., *Kulturbrygg, møteplassar og formidlingsarenaer for kultur* 125 mill. og *Frifondordningen* 125 mill.), jf pressemelding frå Kulturdepartementet 25. mai 2012.

¹⁷ 295,6 millionar til Grasrotandelen, 223,7 millionar til ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering, 12 millionar til arbeid mot problematisk speleåtfred, til fordeling over tippenøkkelen 3 352,2 millionar, 1,6 millionar til overskotsformål i entreprenørbingo og 1 million til De 10 Humanitære AS (jf. Norsk Tipping si årsrekneskap).

¹⁸ Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandelen er ikkje rekna med her.

¹⁹ Nettoeffekt av overføring til bunde eigenkapitalfond og overføring frå investeringsfond.

²⁰ Totalt for kultur 1 250 millionar kroner, inklusiv ubrukte midlar frå tidlegare overskot (26 millionar).


For idretten er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kulturdepartementet si pressemelding 27. april 2012.

Tal i millionar kroner

| | |
|---|---------|
| Idrettsanlegg | 756,5 |
| Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité | 566,0 |
| Tilskot til lokale lag og foreiningar | 156,0 |
| Spesielle aktivitetar | 52,4 |
| Forsknings- og utviklingsarbeid | 20,1 |
| Nasjonalanlegg / spesielle anlegg | 13,2 |
| Totalt ²¹ | 1 564,1 |

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 48 % og 36 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar år 2011



21 Inklusiv ubrukte midlar frå tidlegare overskot (33 millionar) og midlar frå Norsk Tippings tidlegare utjamningfond (6 millionar).

Frå Norsk Tipping er det fordelt 603,4 millionar til samfunnsviktige eller humanitære organisasjonar. I tillegg er det tilført 10,8 millionar frå tidlegare fordelede midlar som ikkje har vore disponert.

Tabellen under viser fordelinga til formål:

| | |
|-----------------------------|--------------------|
| <u>10 H</u> | <u>511,1 mill.</u> |
| <u>Andre organisasjonar</u> | <u>48,6 mill.</u> |
| Totalt utbetalt | 559,7 mill. |

| | |
|--------------------------------------|-------------------|
| <u>Ufordelt beløp</u> | <u>54,6 mill.</u> |
| <u>overført til tildeling i 2013</u> | <u>54,6 mill.</u> |
| Totalt | 614,3 mill. |

| | | | |
|-------------------|-----------|------------------------------------|----------|
| Norges Røde Kors | 215 mill. | Kreftforeningen | 69 mill. |
| Redningsselskapet | 133 mill. | Handikapforbundet | 20 mill. |
| Norsk Folkehjelp | 16 mill. | Blindeforbundet | 18 mill. |
| Redd Barna | 11 mill. | Landsf. for hjerte og lungesyke | 11 mill. |
| Flyktninghjelpen | 10 mill. | Nasjonalforeningen for folkehelsen | 7 mill. |

329 andre lag og foreiningar har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 48,6 millionar kroner (ved denne tildelinga har vi innvilga 25 færre søknadar enn året før). Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar.

| | tal foreiningar | totalt tildelt |
|----------------------|------------------------|-----------------------|
| Idrett | 33 | 2,7 mill. |
| Helse | 54 | 16,2 mill. |
| Musikk/kultur/fritid | 179 | 13,9 mill. |
| Humanitær | 42 | 9,2 mill. |
| Diverse | 21 | 6,7 mill. |
| Total | 329 | 48,6 mill. |

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2011 har det gått 296 millionar til om lag 19 300 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 prosent av innsatsen som blir satsa i spel kan gå til foreiningar som Norsk Tipping

10 organisasjonar som utgjer 10 H fekk totalt utbetalt 511 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjer dette i alt kroner 385 millionar. For 5 helseorganisasjonar 126 millionar.

sine spelarar sjølv bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelaren har registrert eit lag som mottakar av grasrotdidlar.

| Kategori i Frivillighetsregisteret | Kategori i Lotteri- registeret ²² | Grasrotandel i 2011 - kroner | Tal foreninger |
|---|---|---------------------------------|-------------------|
| Idrett | Idrett | 194 260 612 | 6 635 |
| Kultur og kunst | Musikk/kultur/fritid | 29 103 547 | 4 238 |
| Rekreasjon og sosiale foreningar | Musikk/kultur/fritid | 16 475 564 | 2 922 |
| Interesseorganisasjonar | Helse | 11 319 869 | 1 644 |
| Sosiale tenester | - fleire kategoriar | 10 458 302 | 717 |
| Barne- og ungdomsorganisasjonar | Musikk/kultur/fritid | 9 759 774 | 913 |
| Lokalsamfunnsutvikling | Musikk/kultur/fritid | 6 336 193 | 994 |
| Dyrevern | Diverse | 5 544 334 | 63 |
| Andre helsetenester | - fleire kategoriar | 4 225 050 | 361 |
| Internasjonale aktivitetar | Humanitær | 3 228 694 | 150 |
| Krisehjelp og støttearbeid | - fleire kategoriar | 1 167 631 | 112 |
| Tru- og livssynsorganisasjonar | Diverse | 1 131 676 | 237 |
| Mangfald og inkludering | - fleire kategoriar | 676 119 | 86 |
| Natur- og miljøvern | Diverse | 621 904 | 82 |
| Økonomisk og materiell støtte | - fleire kategoriar | 495 527 | 60 |
| Frivillighetssentraler | Musikk/kultur/fritid | 358 970 | 51 |
| Politiske organisasjonar | Diverse | 252 359 | 39 |
| Pengeutdelande stiftelsar | Humanitær | 76 500 | 5 |
| Sjukeheimar | Helse | 56 956 | 2 |
| Forsking og utvikling | Diverse | 18 832 | 3 |
| Yrkessammensluttingar | Diverse | 15 863 | 14 |
| Bustad- og lokalmiljø | Diverse | 15 028 | 8 |
| Juridisk rådgiving | Diverse | 12 321 | 1 |
| Grunn og vidaregåande utdanning | Diverse | 10 506 | 2 |
| Annен utdanning | Diverse | 9 606 | 5 |
| Andre | Diverse | 8 177 | 5 |
| Sjukehus og rehabilitering | Helse | 3 860 | 2 |
| Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar | Diverse | 1 650 | 1 |
| Arbeidstakarorganisasjonar | Diverse | 1 346 | 3 |
| Total | | 295 646 769 | 19 342 |

22 Under føresetnad av at organisasjonen var godkjent som lotteriverdig organisasjon ville den blitt gitt eitt av fem kategorinamn.

I høve til vår kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

| Grasrotandel 2011 | Millionar | Prosent |
|---|-----------|---------|
| Idrett | 194 | 66 % |
| Helse | 11 | 4 % |
| Musikk/kultur/fritid | 62 | 21 % |
| Humanitær | 3 | 1 % |
| Diverse | 8 | 3 % |
| Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse) | 17 | 6 % |
| Totalt | 296 | 100 % |

Største delen av grasrotmidlane, 66 prosent, har i 2011 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse - og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

I Norsk Tipping sin årsrapport er Grasrotandelen kostnadsført. I samleoppstillingar framme i denne årsstatistikken vil desse midlane inngå som formålsinntekter.

Formålsinntekter frå Belago og ein loddserie i Flax

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingohallane der terminalane er utplassert.

Frå desse terminalene gjekk det i 2011 1,6 millionar til formål. Bingoentrepreneurar har i sin rapportering for 2011 også rapportert korleis dette beløpet er fordelt på ulike typar lag og foreiningar.

I 2011 gjekk overskotet frå ein loddserie i Flax utanom tippenøkkelen, og direkte til dei 10 organisasjonane som utgjer 10 H. Totalt fekk 10 H ein million kroner, og kvar organisasjon fekk like stor del.

| | Belago | Ein loddserie i Flax |
|----------------------|-----------|----------------------|
| Idrett | 0,8 mill. | |
| Helse | 0,3 mill. | 0,5 mill. |
| Musikk/kultur/fritid | 0,3 mill. | |
| Humanitær | 0,1 mill. | 0,5 mill. |
| Diverse | 0,1 mill. | |
| Totalt | 1,6 mill. | 1,0 mill. |

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 456,9 millionar kroner til fordeling mellom aktørene. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forsking.

Frå netto omsetning i 2011 fekk ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering 223,7 millionar eller 49 prosent av netto omsetning.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2011 utgjorde dette 84,8 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål. Dette utgjorde 19 prosent av Extra si netto omsetning.

Fordeling til formål frå ExtraStiftelsen

ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekke organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og


rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå

faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer. Stifelsen delte ut i alt 220 millionar fordelt på 530 prosjekt.


| Fordeling til formål frå Extra | Mill. kr | Prosent |
|---|----------|---------|
| Førebygging | 65,1 | 32,6 % |
| Forsking | 69,9 | 35,0 % |
| Rehabilitering | 64,8 | 32,4 % |
| Sum | 199,8 | 100,0 % |
| 10 % adm.tilskot til mottakarorganisasjon | 20,0 | |
| Totalt | 219,8 | |

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut av 2011-overskotet fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper 2011




Extraspelets midlar fordelt på helseområde i 2011



Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var om lag 3,8 milliardar kroner i år 2011.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2011, totalt 3 813 millionar kroner



| Omsetning og gevinst | Mill. kr | Prosent |
|------------------------|----------|---------|
| Total brutto omsetning | 3 812,9 | 100 % |
| Totalt til gevinst | 2 556,5 | 67 % |
| Total netto omsetning | 1 256,4 | 33 % |

To tredjedeler av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar med terminalar auka gjennom 2011, frå 1 479 (1. jan) til 1 605 (31. des)²³.

I Norge er det 12 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

67 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde 5 prosent, medan Internett utgjorde 28 prosent. I 2009 utgjorde omsetninga over Internett 22 prosent.

23 Talet gjeld kommisjonærar med terminalar.

| Brutto omsetning i salskanalar | Mill. kr | Prosent |
|------------------------------------|----------|---------|
| Kommisionær (ikkje over Internett) | 2 542,3 | 66,7 % |
| Baner | 190,1 | 5,0 % |
| Internett ²⁴ | 1 080,5 | 28,3 % |
| Total | 3 812,9 | 100,0 % |

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 256 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

| Fordeling av netto omsetning | Mill. kr | Prosent |
|------------------------------|----------|---------|
| Til formål ²⁵ | 606,2 | 48 % |
| Avgift til staten | 141,0 | 11 % |
| Til operatør (Rikstoto) | 319,1 | 25 % |
| Til kommisionær | 190,1 | 15 % |
| Sum = netto omsetning | 1256,4 | 100 % |

Til formåla gjekk det 606 millionar kroner eller 48 prosent av netto omsetning. I 2010 var prosenten til formål 50, som då utgjorde 599 millionar.

| Fordeling til formål | Mill. kr |
|--|----------|
| V75 og storløp-premiar | 77,8 |
| Transporttilskot | 4,0 |
| Norsk Hestesenter | 26,0 |
| Det Norske Travselskap | 77,2 |
| Norsk Jockeyklubb | 25,0 |
| Bidrag avskriving finans | 20,6 |
| Provisjon driftsselskap (banene) | 375,6 |
| av dette drift løpsbaner ²⁶ | 174,8 |
| av dette premiar til hesteeigarar | 200,8 |
| Totalt | 606,2 |

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travselskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottek driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betaler ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppsporten.

NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

24 Spill via mobiltelefon via m.rikstoto.no inngår under internettspill.


25 I overføring til formål inngår ikkje kostnader ved ny salsorganisering samt overføringer til Rikstotoklinikken Bjerke.

26 Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene.

Bidrag avskriving finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto år 2011



Statsavgift

Avgift til staten (141 mill.) er ei fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisionærar fekk 190 mill. eller 15 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nett-kommisionærar. Nett-kommisionærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira eigne nettsider.

| Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto | Mill. kr |
|------------------------------------|----------|
| RT sine inntekter frå hestespel | 281,2 |
| Andre inntekter | 52,9 |
| Samla kostnader | 341,3 |
| Årsresultat | - 7,2 |

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 7,2 millionar kroner for 2011. Til samanlikning var underskotet 42,0 millionar i 2010 og 11,1 millionar i 2009.

Digitale plattformer


Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett der ein kan spele frå PC og mobiltelefon. Det er innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, men spela er dei same som om spelaren går til tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner.

Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

**Digitale plattformer –
brutto omsetning (mill. kr)**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | Endring frå 2010 |
|--------------------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------------------|
| Norsk Tipping (inkl. Extra) | 692,6 | 912,1 | 1 242,1 | 1 660,2 | 2 090,6 | 430,4 26 % |
| Norsk Rikstoto | 615,9 | 744,4 | 794,4 | 918,7 | 1 080,5 | 161,8 18 % |
| Totalt | 1 308,5 | 1 656,5 | 2 036,5 | 2 578,9 | 3 171,1 | 592,2 23 % |

**Brutto omsetning - spel på digitale plattformer.
I 2011 totalt 3 171 millionar kroner**



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2011²⁷ og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert anslag for spel på Internett for 2011.

10,6 prosent av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). Dette utgjorde 403 000 nordmenn over 18 år.

For 2011 har Lotteritilsynet anslått at nordmenn satsa om lag 5 milliardar på utanlandske nettstader. Dette var eit uendra anslag samanlikna med estimatet som vart gjort for 2010. Jf Lotteritilsynets årsmeldingar 2010 og 2011.

27 Kvartalsvise målingar gjort i 2011 (totalt 3 773 spurde over 18 år).

Bingo

Bingo deler vi i to typar:

Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar mottek overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølvे står for drifta.

Vi har reelle tal frå entreprenørbingo. For bingo utan entreprenør har vi estimert omsetning der vi manglar rekneskapsopplysningar (sjå vedlegg).

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rapportering og data frå bingoentrepreneurane som til saman dreiv 229 bingolokale per 31. desember 2011. Talet lokale i entreprenørbingo har auka med 10 sidan utgangen av 2010 då talet var 219. Talet på entreprenørar var 67 ved utgangen av 2011. Året før var talet 61 entreprenørar med bingodrift.

Bingo med entreprenør - nøkkeltal år 2011

| Brutto omsetning ²⁸ | 5 812 mill kr |
|---------------------------------------|----------------------|
| sidespel er inkludert | |
| Gevinst | 4 465 mill kr |
| Netto omsetning | 1 346 mill kr |
| | |
| administrativ kostnad | 991 mill kr |
| overskot til formåla | 356 mill kr |
| | |
| Formåla sin del av brutto omsetning | 6 % |
| Formåla sin del av netto omsetning | 26 % |
| | |
| Gevinstdel | 77 % |

Entreprenørbingo omsette for 5,8 milliardar kroner i år 2011. Til lag og organisasjonar vart det overført 356 millionar kroner eller 6 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 77 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 26 prosent.

Samanlikna med 2010 har omsetninga auka. Brutto omsetning i 2010 var 5 152 millionar, og netto omsetning var 1 281 mill.

Formåla har i 2011 fått 27 millionar meir enn året før.

28 Brutto omsetning og gevinst er estimert for ein liten del av omsetninga i elektroniske sidespel.

Sidespel

Sidespela er databingo og papirsidespel. Papirsidespel er til dømes «Mølle».

| Sidespel per 31.desember 2011 | Entreprenørar | Prosent |
|--------------------------------------|----------------------|----------------|
| Databingo | 67 | 100 % |
| Papirsidespel | 7 | 10 % |
| Ingen sidespel | 0 | - |
| Tal entreprenørar totalt | 67 | |

Ved utgangen av året stod det databingoterminalar i alle bingohallane, og det var utplassert totalt om lag 5 800 databingoterminalar. Dette er ein reduksjon frå året før då det stod uplassert om lag 6 800 terminalar.

Nøkkeltal for hovudspel og sidespel 2011

| Tal i millionar kroner | Brutto-omsetning | Gevinst | Gevinst-prosent | Netto-omsetning | Til formål | Pst til formål av netto oms |
|-------------------------------|-------------------------|----------------|------------------------|------------------------|-------------------|------------------------------------|
| Hovudspel | 1 174 | 863 | 73 % | 311 | 54 | 17 % |
| Sidespel: | | | | | | |
| - databingo | 4 632* | 3 599* | 78 % | 1 033 | 301 | 29 % |
| - papirsidespel | 5 | 3 | 61 % | 2 | 0,6 | 30 % |
| Sidespel totalt | 4 637 | 3 602 | 78 % | 1 035 | 301 | 29 % |
| Totalt | 5 812 | 4 465 | 77 % | 1 346 | 356 | 26 % |

*) Delvis estimat

For hovudspel har omsetninga auka frå 2010, spesielt for brutto omsetning. Då var brutto omsetning 1 076 millionar og netto omsetning 308 millionar.

Databingo har hatt ein større auke samanlikna med året før. I 2010 var brutto omsetning 3 518 millionar. Tal for nettoomsetning var då 793 millionar. Ein større del av auken skuldast at 2011 er det første heile året utan bingoautomatar. Omsetninga på databingo auka som følgje av at bingoautomatane vart fjerna første halvår 2010.

Omsetning for sidespel har samla sett auka gjennom 2011. Brutto og netto omsetning for sidespel var i 2010 høvesvis 4 076 millionar og 974 millionar.


77 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 78 prosent. Gevinstprosentane har auka noko samanlikna med 2010 då samla gevinstprosent var 75 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 356 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. 85 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og det aller meste frå databingo.

Bingoentrepreneurane har rapportert at dei spelte for 2 876 lag og foreiningar i år 2011. Dette er ein auke med 77 lag samanlikna med 2010 då talet var 2 799 lag.

| Fordeling av bingoinknokter | | |
|-----------------------------|----------|---------|
| Formål | Mill. kr | Prosent |
| Idrett | 172 | 48 % |
| Helse | 55 | 15 % |
| Musikk/kultur/fritid | 70 | 20 % |
| Humanitær | 40 | 11 % |
| Diverse | 20 | 6 % |
| Totalt | 356 | 100 % |

Fordeling av inntekt frå entreprenørbingo til formåla år 2011, totalt 356 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 172 mill. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med 70 millionar.

Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel vil etter kvart også få inntekt frå Norsk Tippings Belago-terminalar som er utplassert i

bingohallar. Utpllasseringa av desse tok til hausten 2011, og for 2011 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 1,6 millionar.

Ved utgangen av 2011 var Belago utplassert i 125 bingohallar. Bingoentreprenørane har rapportert at dei har fordelt inntekt frå Belago på om lag 1 300 lag og foreiningar.

Fordeling av Belago-inntekter

| Formål | Mill. kr | Prosent |
|----------------------|----------|---------|
| Idrett | 0,8 | 52 % |
| Helse | 0,3 | 16 % |
| Musikk/kultur/fritid | 0,3 | 21 % |
| Humanitær | 0,1 | 8 % |
| Diverse | 0,1 | 4 % |
| Totalt | 1,6 | 100 % |

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *forenings- eller bygdebingoar*.

I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokal-fjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av tal i Lotteri-

registeret og mottekte bingorekneskap for 2011 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

I overkant av 380 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under.

75 av desse er radiobingo og tre er TV-bingo.

Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2011

Estimert brutto omsetning 160 mill kr
(runda til nærmeste 10 mill)

Gevinst 100 mill kr

Netto omsetning 60 mill kr

administrativ kostnad 20 mill kr

overskot til formål 40 mill kr

Formåla sin del av brutto omsetning 25 %

Formåla sin del av netto omsetning 67 %

Gevinstprosent 63 %

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 160 mill. i brutto omsetning, med eit overskot på 40 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn berekner vi til nærmare 70 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av

brutto omsetning utgjere i overkant av 40 prosent av omsetninga for bingo utan entreprenør.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på nærmare 25 millionar kroner.

Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2011 registrert i overkant av 2 660 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omset-

ninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei aller fleste er landsdekkjande. For 2011 har vi fått innrapportert 46 lotteri. I 2010 var talet 62.

Landslotteri - nøkkeltal år 2011

| | |
|-------------------------------------|--------------|
| Loddsal | 291 mill. kr |
| Gevinstkostnad | 40 mill. kr |
| Netto omsetning | 251 mill. kr |
| administrative kostnader | 181 mill. kr |
| overskot til formåla | 71 mill. kr |
| Formåla sin del av brutto omsetning | 24 % |
| Formåla sin del av netto omsetning | 28 % |
| Gevinstkostnad av brutto omsetning | 14 % |

Landslotteria omsette for 291 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2011 var 40 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnrarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte frå. Administrative kostnader utgjorde 181 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 71 millionar. Dette utgjorde 24 prosent av brutto – og 28 prosent av netto omsetning.

Omsetninga er redusert frå 2010. Då utgjorde loddsal 383 millionar og overskotet til organisasjonane var 83 millionar kroner. Årsaker til reduksjonen er mellom anna at De 10 Humanitære avslutta lotteriet Yezz ved utgangen av 2010. Dette lotteriet hadde ei omsetning på 41 millionar dette året. I tillegg hadde heller ikkje Norges Håndballforbund landslotteri i 2011, mens omsetninga i 2010 var på 26 millionar kroner.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemssal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar. I tillegg inngår pantelotteriet frå Norsk Pantelotteri AS der Røde Kors mottar inntekter.

I tillegg til desse lotteria kan spelaren også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

| Kategori ²⁹ | Brutto oms. (mill.) | Overskot (mill.) | Del av samla brutto oms. | Del av sam- la overskot | Prosent overskot av brutto oms. |
|--------------------------|------------------------|---------------------|-----------------------------|----------------------------|---------------------------------------|
| Idrett | 33,4 | 4,1 | 11 % | 6 % | 12 % |
| Helse | 129,9 | 34,0 | 45 % | 48 % | 26 % |
| Musikk, kultur og fritid | 5,4 | 1,4 | 2 % | 2 % | 26 % |
| Humanitær | 82,8 | 22,6 | 28 % | 32 % | 27 % |
| Diverse | 39,7 | 8,5 | 14 % | 12 % | 22 % |
| Totalt | 291,3 | 70,7 | 100 % | 100 % | 24 % |

Helseorganisasjonar har som tidlegare år størst omsetning, og i 2011 45 prosent av heile marknaden. Dei hadde om lag lik del av samla overskot (48 %).

Fordeling av netto omsetning

| Kategori | Netto oms. (mill.) | Adm. kostnad (mill.) | Overskot (mill.) | Adm. kostnad av netto oms. | Overskot av netto oms. |
|--------------------------|-----------------------|-------------------------|---------------------|-------------------------------|---------------------------|
| Idrett | 30,0 | 25,8 | 4,1 | 86 % | 14 % |
| Helse | 116,8 | 82,8 | 34,0 | 71 % | 29 % |
| Musikk, kultur og fritid | 5,0 | 3,6 | 1,4 | 72 % | 28 % |
| Humanitær | 66,5 | 43,8 | 22,6 | 66 % | 34 % |
| Diverse | 33,3 | 24,8 | 8,5 | 74 % | 26 % |
| Totalt | 251,5 | 180,8 | 70,7 | 72 % | 28 % |

Administrative kostnader utgjorde 181 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, kommisjonærar etc, men ikkje gevinstkostnader.

For ein del lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. For 19 lotteri har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 25 millionar kroner.

29 Liste over organisasjonane i vedlegg.

Landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd


Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå landslotteri saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

Organisasjonar med loddosal over 20 millionar kroner:

- | | |
|--|------------|
| • Landsforeningen for hjerte- og lungesyke | 44 mill kr |
| • Norges Røde Kors (pantelotteriet) | 37 mill kr |
| • Redningsselskapet | 20 mill kr |

Landslotteri omsette totalt for 291 millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 1 121 millionar.

Marknadsdelar - landsdekkjande lotteri, loddosal år 2011, totalt 1 412 millionar



I 2011 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 412 millionar kroner.

30 Arrangør av lotteri med omsetning under 150 000 kr. per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning 150 000 kr. eller meir treng løyve frå Lotteritilsynet.

Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det registrerte i overkant av 2 600 lokale og regionale lotteri i år 2011.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

I overkant av 2 500 er meldingslotteri og i tillegg har om lag 75 lotteri fått løyve³⁰.

Berekning for lokale/regionale lotteri

Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2011

Estimert brutto omsetning 130 mill kr
(runda til nærmeste 10 mill)

Gevinstkostnad 30 mill kr
Netto omsetning 100 mill kr

administrativ kostnad 10 mill kr
overskot til formåla 90 mill kr

Formåla sin del av brutto omsetning 69 %
Formåla sin del av netto omsetning 90 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 23 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gaver.

Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter forskrift fra 1. januar 2009. 20 prosent av overskotet (netto omsetning) skal gå til lotteriverdige organisasjoner.

I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskriften. Om bord på skipa er det to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord er Black

Jack og rulett. Rulett er berre tilgjengeleg på dei to største skipa.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2011 for 413 millionar om bord i desse skipa.

Det meste vart spelt på automatar, men 11 prosent vart satsa ved spelebord.

Spel på skip - nøkkeltal 2011

Brutto omsetning³¹

| | |
|-----------|----------------|
| Automatar | 369,7 mill. kr |
| Spelebord | 43,6 mill. kr |
| Totalt | 413,3 mill. kr |

Utbetalt gevinst

| | |
|-----------|----------------|
| Automatar | 300,2 mill. kr |
| Spelebord | 28,1 mill. kr |
| Totalt | 328,3 mill. kr |

Total netto omsetning 85,0 mill. kr

| | |
|-----------------------|---------------|
| administrativ kostnad | 68,0 mill. kr |
| overskot til formåla | 17,0 mill. kr |

Formåla sin del av brutto omsetning 4 %
Formåla sin del av netto omsetning 20 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 79 %

31 Brutto omsetning for automatar er beløpet som er putta på automatar av fysiske pengar og for spelebord er omsetning antall sjætongar som er kjøpt.

17 millionar var fordelt til 43 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

| Formål | Mill. kr | Prosent |
|----------------------|----------|---------|
| Idrett | 13,0 | 76 % |
| Musikk/kultur/fritid | 3,0 | 18 % |
| Diverse | 1,0 | 6 % |
| Totalt | 17,0 | 100 % |

English summary

The turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 26.8 billion in 2011. Of this players collected NOK 17.9 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 8.9 billion to be

distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover is increased from NOK 24.8 billion in 2010.

Key figures on the gaming market in Norway

| Year 2011 | Million | | | |
|---|----------------|-------------------|-------------|--------|
| | NOK | EUR ³² | NOK | EUR |
| Gross turnover (total wagered) | 26 838 | 3 444 | | |
| Prizes | 17 932 | 2 301 | | |
| Net turnover (expenditure/loss) | 8 907 | 1 143 | | |
| Year 2011 | Amount wagered | | Expenditure | |
| | NOK | EUR | NOK | EUR |
| Per capita ³³ | 5,418 | 695 | 1,798 | 231 |
| Per capita, 18 years and older | 6,995 | 898 | 2,321 | 298 |
| Per household ³⁴ | 11,921 | 1,530 | 3,956 | 508 |
| Percentage of disposable income ³⁵ | | 2.26 % | | 0.75 % |

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 5,418 in 2011. After deduction of prizes, each citizen spent NOK 1,798. This amounts to 0.75 % of the disposable income per household.


32 Average rate of exchange 2011 as determined by Norges Bank: 7.7926.

33 Average population as determined by Statistics Norway.

34 The average number of persons per household is 2.2. (Figures from Statistics Norway - Statistical year book)

35 Statistical year book "Households, Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 1 190 117 millions.

The Norwegian gaming market - gross turnover in 2011, total NOK 26 838 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 15.3 billion (of this 4.9 billion on IVTs³⁶), and 0.9 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians wagered NOK 3.8 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of nearly NOK 6.0 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 5.8 billion. Also included here

are side games (electronic³⁷ and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately NOK 160 million.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at nearly NOK 0.3 billion. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK 130 million.


On Norwegian ships sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 413 million in 2011³⁸.

36 Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 413 million.

37 Bingo machines.

38 On slot machines amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed. On table games the value of chips purchased.

The Norwegian gaming market in 2011, market shares of gross turnover



Vedlegg

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippe-midlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet. Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar. For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2011. I tillegg er tidlegare års statistikkar nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærmare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Kategorisering av formål

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar.

Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og

meir administrative idrettssamanslutningar, f.eks. Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f.eks. Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f.eks. Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikap-forbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

“Særorganisasjonar” eller interessen-samanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettigheitsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

Berekning for bingo med entreprenør

Databingo: To entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 65: 78 %.

Berekning for bingo utan entreprenør

På grunnlag av tal i Lotteriregisteret og rekneskapsrapportar for 2011 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

| | Radio/TV | Andre lag og foreiningar | Totalt | Avrunda |
|--|-----------------------|--------------------------|----------|----------|
| Brutto omsetning i snitt | 884 000 ³⁹ | 294 000 ⁴⁰ | | |
| Samla gevinstprosent | 53 % | 70 % | | |
| Overskot av brutto omsetning ⁴¹ | 35 % | 15 % | | |
| Tal løyve i Lotteriregisteret | 78 | 303 | | |
| Estimert brutto omsetning | 69 mill | 89 mill | 158 mill | 160 mill |
| Estimert gevinst | 36 mill | 63 mill | 99 mill | 100 mill |
| Estimert netto omsetning | 33 mill | 26 mill | 59 mill | 60 mill |
| Estimert overskot til formåla | 24 mill | 13 mill | 37 mill | 40 mill |

Estimert brutto omsetning
år 2011* 160 mill

| | | |
|---|-------------------|----------|
| - | Gevinst | 100 mill |
| = | Netto omsetning * | 60 mill |

administrativ kostnad 20 mill
overskot * 40 mill

Formåla sin del av brutto omsetning 25 %
Formåla sin del av netto omsetning 67 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 63 %

*) runda til nærmeste 10 mill

39 Snittbereking for 72 rekneskap (2011) kr 884 145,-

40 Snittbereking for 290 rekneskap (2011) kr 293 798,-

41 Avrunda prosent til formål, 2011-rekneskap og tidlegare rapporterte tal.

Landslotteri 2011 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

| | |
|--------------------------|--|
| Idrett | Det frivillige Skyttervesen Norges Badmintonforbund Norges Fotballforbund (2 lotteri) Norges Skiforbund Sportslotteriet ⁴² (2 lotteri) |
| Helse | Arbeidsmiljøskaddes Landsforening Diabetesforbundet Foreningen for hjertesyke barn Foreningen for Muskelsyke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforbundet Mot Stoffmisbruk Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen uventet barnedød Multippel sklerose forbundet i Norge Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn |
| Musikk, kultur og fritid | 4H Norge Norges Musikkorps Forbund |
| Humanitær | Adopsjonsforum Norges Livredningsselskap Norges Røde Kors (pantelotteriet) Norsk Folkehjelp (2 lotteri) Redningsselskapet Stiftelsen Fadderbarnas framtid Stiftelsen Flyktinghjelsen |
| Diverse | Den indre sjømannsmisjon Det Norske Arbeiderpartiet Det Norske Totalavholdsselskap, IOGT i Norge og junior- og barneorganisasjonen JUBA Fjellheim Bibelskole AS Framtiden i våre hender Kristelig Folkeparti MA - rusfri trafikk og livsstil Norea Mediemisjon/Norsk Luthersk Misjonssamband Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet |

42 Sportslotteriet omfattar lotteriløye for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Biljardforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bordtennisforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Bueskytterforbund, Norges Danseforbund, Norges Fekteforbund, Norges Gymnastikk- og Turnforbund, Norges Klatreforbund, Norges Skytterforbund, Norges Vannski- og Wakeboardforbund samt Norges Badmintonforbund.

Berekning for lokale/regionale lotteri

For 2011 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

| | Meldingslotteri | Lotteri med løyve | Totalt | Avrunda |
|-----------------------------------|----------------------|-----------------------|----------|----------|
| Brutto omsetning i snitt | 38 000 ⁴³ | 411 000 ⁴⁴ | | |
| Samla gevinstprosent (kostnad) | 15 % ⁴⁵ | 36 % | | |
| Overskot av brutto omsetning | 80 % | 50 % | | |
| Tal meldingar/ løyve | 2 542 | 75 | | |
| Estimert brutto omsetning | 95 mill | 31 mill | 126 mill | 130 mill |
| Estimert gevinst | 14 mill | 11 mill | 26 mill | 30 mill |
| Estimert netto omsetning | 81 mill | 20 mill | 101 mill | 100 mill |
| Estimert overskot til formåla | 76 mill | 15 mill | 92 mill | 90 mill |

Estimert brutto omsetning år 2011 * 130 mill

| | | |
|---|-----------------|----------|
| - | Gevinst * | 30 mill |
| = | Netto omsetning | 100 mill |

administrativ kostnad
overskot *

Formåla sin del av brutto omsetning 69 %
Formåla sin del av netto omsetning 90 %

Gevinstkostnad av brutto omsetning 23 %

*) runda til nærmeste 10 mill.



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00 - Fax: 57 82 80 80
postmottak@lottstift.no
lottstift.no

